

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

**Utval:** Kontrollutval - Gloppen kommune  
**Møtedato:** 29.05.2013  
**Møtetid:** 10.00  
**Stad:** Kommunestyresalen  
**Møtenr.:** 2/2013  
**Innkalling:** Faste medlemmer til kontrollutvalet, Revisor (sak 012/13 – 013/13), Rådmannen i sak 012/13

**Melding til:** Ordførar(møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

### SAKLISTE

010/13 Godkjenning innkalling og sakliste  
011/13 Skriv og meldingar.  
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Gloppen kommune.  
013/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forslag til endring av prosjekt.  
014/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Gloppen.  
015/13 Eventuelt.

Gloppen 24.05.2013

Bjarne Bø (s)  
Leiar

  
Vidar Øvrebø  
SEKOM-sekretariat

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post                                           | Telefon                                                            | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|--------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | <a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a> | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

## 010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.05.2013

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 29.05.2013 | 010/13           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyre    | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 011/13 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 22.05.2013

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 29.05.2013 | 011/13           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

- SM 06-13: Vedtak kst sak 010/13 – «Referatsaker», datert 18.03.2013.  
SM 07-13: Vedtak kst sak 011/13 – «Kontrollutvalet si årsmelding for 2012», datert 18.03.2013.  
SM 08-13: Vedtak kst sak 012/13 – «Plan for selskapskontroll – 2012 -2016», datert 18.03.2013.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



| SAKSGANG                  |            |         |
|---------------------------|------------|---------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato   | Saksnr. |
| Kommunestyret             | 18.03.2013 | 010/13  |

|                                                           |                       |                        |
|-----------------------------------------------------------|-----------------------|------------------------|
| Avgjerd av: Kommunestyret<br>Saksbehandlar: Jan Kåre Fure | Arkiv: 033<br>Objekt: | Arkivsaknr.:<br>13/122 |
|-----------------------------------------------------------|-----------------------|------------------------|

### Referatsaker

#### Refererte skriv og meldingar:

| Nr | Dok.ID  | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar            | Tittel                                                                                              |
|----|---------|---|------------|------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1  | 13/1080 | I | 28.01.2013 | Skatteoppkrevjaren i Gloppen | Skatterekneskapen for 2012                                                                          |
| 2  | 13/2315 | I | 15.02.2013 | Skatteetaten                 | Kontrollrapport 2012 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Gloppen kommune                           |
| 3  | 13/1708 | I | 08.02.2013 | SEKOM-sekretariat            | Eigen vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap                                        |
| 4  | 13/2639 | U | 26.02.2013 | Kommunestyret                | Årsmelding for Gloppen eldreråd 2012                                                                |
| 5  | 13/3229 | S | 11.03.2013 | Systembruker                 | Notat om drøfting av spørsmålet om hovudlinene i administrativ organisering, formannskapssak 009/13 |

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret har ingen merknader til dei framlagde referatsakene.

### 18.03.2013 KOMMUNESTYRET

Rådmannen orienterte om moderniseringsprogrammet og ny administrativ leing.

#### 010/13 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



SM 07-13

**GLOPPEN KOMMUNE****SAKSPAPIR**

| SAKSGANG                  |            |        |
|---------------------------|------------|--------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato   | Saksnr |
| Kommunestyret             | 18.03.2013 | 011/13 |

|                                                                         |                                     |                                 |
|-------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------------|
| <b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret<br><b>Saksbehandlar:</b> Jan Kåre Fure | <b>Objekt:</b><br><b>Arkiv:</b> 004 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>13/427-2 |
|-------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------------|

**Kontrollutvalet si årsmelding for 2012****Vedlegg:**

Dok.nr            Tittel på vedlegg  
189986           Møtebok - sak 007/13 - Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Gloppen

**Bakgrunn for saka:**

Etter kommunelova § 77, nr 6 skal kontrollutvalet «rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget». Årsmeldinga til utvalet er ein del av denne rapporteringa.

Årsmeldinga for 2012 er behandla av kontrollutvalet som sak 3/13.

**Saksutgreiing:**

Frå kontrollutvalet si møtebok:

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova § 77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

**Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Ingen.

**Rådmannen si vurdering:**

Saka blir lagt fram av kontrollutvalet, og er ikkje vurdert av rådmannen.

**KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:**

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2012.

**18.03.2013 KOMMUNESTYRET**

**011/13 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2012.

Vedtaket var samrøystes.



| SAKSGANG                         |                 |               |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| <b>Styre, utval, komite m.m.</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saksnr</b> |
| Kommunestyret                    | 18.03.2013      | 012/13        |

|                                     |                |                     |
|-------------------------------------|----------------|---------------------|
| <b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret    | <b>Objekt:</b> | <b>Arkivsaknr.:</b> |
| <b>Saksbehandlar:</b> Jan Kåre Fure | Arkiv: 037     | 13/426-2            |

## Plan for selskapskontroll - 2012-2016

### Vedlegg:

Dok.nr      Tittel på vedlegg  
189981      Møtebok - sak 006/13 - Plan for selskapskontroll - Gloppen kommune

### Bakgrunn for saka:

Saka er fremja av kontrollutvalet.

### Saksutgreiing:

Frå kontrollutvalet si møtebok i sak 6/13:

### Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Gloppen kommune eig 100 % av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2016.

### Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Gloppen kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100 % kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i § 80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100 %



kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsending opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

**Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Ikkje vurdert.

**Rådmannen si vurdering:**

Saka blir lagt fram av kontrollutvalet, og er ikkje vurdert av rådmannen.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sin plan for selskapskontroll i Gloppen kommune for perioden 2012-2016.

**18.03.2013 KOMMUNESTYRET**

**012/13 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sin plan for selskapskontroll i Gloppen kommune for perioden 2012-2016.

Vedtaket var samrøystes.

## 012/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - GLOPPEN KOMMUNE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.05.2013.

| Utval           | Dato        | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|-------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 29..05.2013 | 012/13           | -      | Nei               |
| Formannskap     | -           | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -           | -                | -      | Ja                |

### Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Gloppen kommune.
- Rekneskap 2012. (Sendt pr. post)
- Årsmelding 2012. (Sendt pr. post)
- Revisjonsmelding, datert 24. mai 2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Gloppen kommune, datert 29.05.2013.
- 

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

## ÅRSREKNESKAPEN 2012 - GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Gloppen kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tid nok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og er budd på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Kommunestyret i Gloppen

Sandane 29.05.2013

## FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR GLOPPEN KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Gloppen kommune er handsama i kontrollutvalet i Gloppen 29.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 24.05.2013

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 19,3 millionar, og eit netto driftsresultat kr. 21,4 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 7 mill.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 419,6 mill. Rekneskapen viser kr. 455,8 mill. Det er særleg posten "Overføringar med krav til motytingar" som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 415,9 mill. Rekneskapen viser kr. 436,5 mill. Postane "Lønsutgifter" og "Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjon" har dei vesentlegaste avvika.

Revidert budsjett for resultat eksterne finanstransaksjonar var kr -15,7 mill. Rekneskapen viser kr. -15 mill.

Netto driftsresultat er kr. 18,8 mill. betre enn budsjettet.

Etter motpost på avskrivningar og interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 6,957 mill.

---

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post        | Telefon                                                            | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|---------------|--------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Av årsrekneskapen går det fram at sektor Sentral styring har meirforbruk i høve til justert budsjett, og at sektor for kulturformål har mindreforbruk i høve til budsjett. Det vert vist til årsrekneskapen side 70 for oversikt. Det vert vist til årsrekneskapen side 13 – 70 for detaljar om driftsrekneskapen.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse. Rekneskapen syner større aktivitet enn budsjettet. Aktiviteten vedrørande investeringar er kommentert under kvart tenesteområde i årsmeldinga. Det vert også vist til detaljert oversikt over investeringsprosjekt i rekneskap 201 side 71 – 83.

Gjeldsgrada til kommunen har halde seg stabil og er endra frå 77,2% i 2011 til 76,7% i 2012..

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Arbeidskapitalen er positiv. Jfr. Balansen.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å forklare rekneskapen på ein god måte.

Revisor har fire merknadar under «Andre forhold». Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Gloppen kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Bjarne Bø  
fung. leiar

Vigdis Henden

Svein Helge Hovstad

Karoline Bjeraset

Tone Lise Jacobsen

---

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post        | Telefon                                                            | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|---------------|--------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

*Til*  
Kommunestyret i Gloppen kommune

*Kopi til:*  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen  
Økonomisjefen

## Revisjonsmelding 2012

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2012 for Gloppen kommune, som er samansett av balanse per 31.12., driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser kr 305 118 773,19 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 956 808,43.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

| Org.nr:     | Kommune:  | Adresse:       |                   | Telefon:        | E-postadresse:               |
|-------------|-----------|----------------|-------------------|-----------------|------------------------------|
| 976 304 470 | EID       | Rådhusvegen 11 | 6770 Nordfjordeid | 57 88 58 87     | revisor@eid.kommune.no       |
|             | GLOPPEN   | Postboks 300   | 6821 Sandane      | 57 00 92 64     | revisor@gloppen.kommune.no   |
|             | HORNINDAL | Postboks 24    | 6761 Hornindal    | 57 87 98 08     | revisor@hornindal.kommune.no |
|             | SELJE     |                | 6740 Selje        | 57 85 85 26     | revisor@selje.kommune.no     |
|             | STRYN     | Tonningsgata 4 | 6783 Stryn        | 57 87 48 18 -19 | revisor@stryn.kommune.no     |
|             | VÅGSØY    | Postboks 294   | 6701 Måløy        | 57 84 50 29     | revisor@vagsoy.kommune.no    |

## Uttale om andre tilhøve

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

### *Andre forhold*

- Denne meldinga erstatter melding, datert 16.04. d.å., som vart skrive då fristen for å avlegge revisjonsmelding gjekk ut. Fullstendig årsrekneskap var då ikkje lagt fram, og årsmelding var ikkje utarbeidd.
- Krav om renter på utlån til Gloppen Energi AS, kr 2 983 614, er avsett til fond utan å vere budsjettert.
- I balanserekneskapen stod det per 1. januar 2012 rest på avrekningskonto statstilskot til barnehagar med kr 5 818 193. F.o.m. 2011 inngår statstilskot til barnehagar i rammetilskotet og rest på avrekningskonto er inntektsført og sett av til fond i 2012 utan å vere budsjettert.
- Avsettingane til fond som nemnt i dei to førre punkta, til saman kr 8 801 807, er avsett til bunde fond. Vi meiner dette er frie midlar som skulle vore avsett til disposisjonsfond.

For desse andre forhold viser vi elles til årsmeldinga frå rådmannen.

Stryn, 24. mai 2013



Markvard Sunde

Revisjonssjef



Haldor Sunde

Revisor

## 013/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORSLAG TIL ENDRING AV PROSJEKT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.05.2013

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 29.05.2013 | 013/13           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

E-post frå Markvar Sunde «Rokkering av prioritet forvaltningsrevisjon», datert 24. mai 2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 031/12 og 05/13

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:



## **FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORSLAG TIL ENDRING AV PROSJEKT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet har motteke førespurnad frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om å rokkere prioritet av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøtet 30.11.2012 sak 31/12 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Prosjektplanlegging i Gloppen kommune” handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tinginga for prosjektet ”Prosjektstyring i Gloppen kommune”.*
- *-Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.*
- *Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.*

Kommunerevisjonen i Nordfjord var kalla inn til møte i sak 05/13 «Forvaltningsrevisjons prosjekt – Prosjektplanlegging i Gloppen kommune», den 07.02.2013 for å presentere prosjektplanen, men vart forhindra i å møte.

Sekretariatet har motteke førespurnad frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om å ta opp spørsmålet om prosjekt med prioritet 1 og 2 i plan for forvaltningsrevisjon kan byte plass. Viser til vedlagt e-post frå Markvar Sunde i Kommunerevisjonen i Nordfjord.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Øvrebø Vidar

---

**Fra:** Markvard Sunde <markvard.sunde@stryn.kommune.no>  
**Sendt:** 24. mai 2013 12:57  
**Til:** Øvrebø Vidar  
**Emne:** VS: Rokkering av prioritet forvaltningrevisjon?

Gloppen kommune har «Prosjektstyring i Gloppen kommune» som 1. prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt. Vi held no på med den første av i alt fem prosjekt om vedlikehald og ønskjer å fortsetje med denne typen prosjekt utan avbrot. Difor vil eg be deg ta opp spørsmålet med kontrollutvalet i Gloppen, om prosjekt 1 og 2 i Gloppen kan bytte plass?

Viser til korrespondanse nedanfor her med rådmannen i Gloppen.

---

**Fra:** Marit Elisabeth Larssen  
**Sendt:** 24. mai 2013 12:19  
**Til:** Markvard Sunde  
**Emne:** SV: Rokkering av prioritet forvaltningrevisjon?

Det er heilt i orden. Eg følger deg i at Gunnar held fram der han var.

mvh  
Marit

---

**Fra:** Markvard Sunde  
**Sendt:** 24. mai 2013 11:52  
**Til:** Marit Elisabeth Larssen  
**Emne:** Rokkering av prioritet forvaltningrevisjon?  
**Viktighet:** Høy

Hei – omsider er Gunnar delvis friskmeld igjen. Han arbeider med rapport om vedlikehald av bygningar (Eid kommune). Tilsvarande prosjekt skal gjennomførast i fire av dei andre kommunane også, m.a. Gloppen. I januar, før Gunnar sitt uhell, var det meininga å gjennomføre prosjektet «Prosjektstyring i Gloppen kommune», jf vårt møte den 28. januar. No ser eg det mest tenleg å fortsetje med desse prosjekta om vedlikehald som har omtrent likelydande problemstilling i alle kommunane. Før eg spør kontrollutvalet om å omprioritere desse prosjekta vil eg gjerne ha ditt synspunkt på dette!

Markvard  
Tlf 57844818

## 014/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.05.2013

| Utval         | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 29.05.2013 | 014/13           | -      | Ja                |
| Formannskap   |            | -                | -      |                   |
| Kommunestyre  |            | -                | -      |                   |

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Gloppen.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

-

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 GLOPPEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 2-2013 - Gloppen.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp                                                                        | Dato     | Merknad | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|----------|---------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.                                                        | 2.12.10  |         | 02.12.10: Vedtak KU<br>13.02.10 s. brev til adm om tiltak<br>Informasjon frå einingane.<br>Tertialrapportar<br>Tilsynsrapportar frå fylkesmannen.<br>Informasjon frå revisor<br>Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.<br>Orientering investeringsprosjekt kvart år i september.<br>18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet                     | 02.12.10 |         | 02.12.10 Tilråding til kst.<br>03.12.10 saka s. Gloppebn kommune.<br>13.12.10 Vedtak kst sak 057/10:<br><ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i></li> <li>- <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i></li> </ul> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivt.<br>24.08.12 Brev<br><b>Sjå sak 032/12</b> |
| 025/12 Rekneskapar avslutta invieringsprosjekt – Gloppen kommune.<br><br><b>Sjå sak 32/12</b> | 23.08.12 |         | 23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune.<br>24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørende orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 031/12<br>Forvaltningsrevisjonesrapport – Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.              | 30.11.12 |         | 30.11.12 Vedtak i KU:<br><ul style="list-style-type: none"> <li>• Tinginga for prosjektet ”Prosjektstyring i Gloppen kommune”.</li> <li>• -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.</li> <li>• Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.</li> </ul> 05.12.12 Sendt tinging til KIN                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 032/12 Orientering investeringsprosjekt                                                       | 30.11.12 |         | 30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om invieringsprosjekt vert teken til vitande.<br><br><ul style="list-style-type: none"> <li>• Administrasjonen jobbar med økonomireglementet.</li> </ul> Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 001/13 Godkjenning innkalling                                                                 | 07.02.13 |         | 07.02.13 Vedtak i KU: Det var ingen merknadar til                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |

|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|----------|--|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| og sakliste.                                                                               |          |  | innkalling og sakliste.                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 002/13 Skriv og meldingar.                                                                 | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: Teken til vitande.                                                                                                                                                                                                                                          |
| 003/13 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.                        | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.13 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.<br>08.02.13 Sendt til ks.<br>18.02.13 Referatsak i Kst. |
| 004/13 Møteplan for kontrollutvalet i 2013.                                                | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: - Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2013 vert godkjent.                                                                                                                                                                                            |
| 005/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt Prosjektplanlegging i Gloppen kommune – Prosjektplan. | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: Saka vert utsett til neste møte som er planlagt helde den 3. Mai 2013.                                                                                                                                                                                      |
| 006/13 Plan for selskapskontroll – Gloppen kommune.                                        | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: - Planen for selskapskontroll i Gloppen kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.<br>08.02.13 sendt til ks.<br>18.02.13 Vedtak i Kst.                                                                                                                 |
| 007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Gloppen.                                      | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: - Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.<br>08.02.13 Årsmelding sendt til ks.<br>18.02.13 Vedtak i Kst.                                                                                                                       |
| 008/13 Oppfølgingsliste 1-2013 Gloppen                                                     | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: - Oppfølgingsliste 1-2013 vert teken til vitande.                                                                                                                                                                                                           |
| 009/13 Eventuelt.                                                                          | 07.02.13 |  | 07.02.13 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.                                                                                                                                                                                                              |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  | •                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  | -                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|                                                                                            |          |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                   |

Oppdatert 24.05..2013

## 015/13 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.05.2013

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 29.05.2013 | 015/13           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyre    | -          | -                | -      | Nei               |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.